



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Marianne Soleng	<b>Arkivkode:</b> FE-033, TI-&16
<b>Arkivsaksnr:</b> 18/1794	<b>Løpenr:</b> 19/1219
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

### SAKSGANG

<b>Styre, utval, komité m.m.</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Kommunestyret	21.02.2019	007/2019

## Fritak frå kommunale verv - kommunestyreperioden 2015-2019

### **21.02.2019 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **KS- 007/2019 Vedtak:**

Olav Haga (f.16.04.1959) får fritak for politisk verv som 7.varamedlem for Arbeidarpartiet i kommunestyret i Samnanger kommune ut kommunestyreperioden 2015-2019 jf. reglar i Valgloven §15.

Opprykk av varamedlem jf. Kommuneloven §16.2.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Olav Haga (f.16.04.1959) får fritak for politisk verv som 7.varamedlem for Arbeidarpartiet i kommunestyret i Samnanger kommune ut kommunestyreperioden 2015-2019 jf. reglar i Valgloven §15.

Opprykk av varamedlem jf. Kommuneloven §16.2.

### **Dokument som ikkje er vedlagt:**

E-post frå Olav Haga datert 10.12.2018.

Valgloven

Kommuneloven

### **Kva saka gjeld:**

Olav Haga gav i e-post datert 10.12.2018 melding om at har ved årsskiftet skulle flytte ut av kommunen. Dette gjer at han ikkje lenger kan stå som varamedlem for Arbeidarpartiet i kommunestyret ut gjeldande kommunestyreperiode.

### **Vurderingar og konsekvensar:**

Ved kommunestyrevalet i 2015 vart Olav Haga valgt inn som 7. varamedlem til kommunestyre for Arbeidarpartiet.

I den gjeldande kommunestyreperioden har Olav Haga vore innkalla til og delteke på eitt kommunestyremøte.

Personar som er vald inn i kommunestyret, både som fast medlem og som varamedlem, må fylla krava for valbarheit jf. Valgloven §3-3.

Dette inneber mellom anna at vedkomande må, på valdagen, vera folkeregistrert i den kommunen som ein stiller til val i.

Olav Haga har i epost 10.12.2018 gjeve melding om at han skal flytte ut av Samnanger kommune.

Han opplyser om at flyttinga truleg vert ei permanent løysing for familien.

Utifrå desse opplysningane vil Haga tapa valbarheit til eit folkevald organ i resten av valperioden 2015-2019.

#### Valgloven §15

1. Den som taper valgarbarheten til et folkevalgt organ i valgperioden, trer endelig ut av dette. Hvis tap av valgarbarhet skyldes registrert utflytting fra kommunen eller fylkeskommunen for to år eller mindre, trer vedkommende ut av vervet for den tid utflyttingen varer.

#### Kommuneloven §16

2. Hvis medlemmer av kommunestyret eller fylkestinget trer endelig ut eller får varig forfall, trer varamedlemmer fra vedkommende gruppe inn i deres sted i den nummerorden de er valgt hvis organet er valgt ved forholdsvalg. Er et kommunestyre valgt ved flertallsvalg, trer varamedlemmer inn i den nummerorden de er valgt.

Utfrå gjeldande regelverk bør Olav Haga si melding om fritak for politisk verv takast til etterretning, opprykk av varamedlem vert gjort etter Kommuneloven §16-2.

Dette vil i praksis bety at noverande 8. varamedlem for Arbeidarpartiet i kommunestyret rykkjer opp til 7. varamedlem.